



Kapittel 8 Kapitalbehov og finansiering

Løysingsforslag oppgåver side 212–214

Løysingsforslag oppgåve 8.1

a)

KAPITALBEHOV	
<i>Anleggsmiddel</i>	
Butikkinnreing	kr 150 000
Inventar og utstyr	kr 100 000
Sum anleggsmiddel	kr 250 000
<i>Omløpsmiddel</i>	
Varelager	kr 350 000
Kundefordringar	kr 50 000
Likvide middel	kr 150 000
Sum omløpsmiddel	kr 550 000
SUM KAPITALBEHOV	kr 800 000

Oppgåve 8.1 - Excel-fil

b) Anleggsmiddel er driftsmiddel som er meinte til varig eige og bruk, det vil seie ei varigheit på meir enn eit år og verdi over kr 15 000.

Omløpsmiddel har ei varigheit på mindre enn eit år. Dei høyrer oftast til i varekrinsløpet og sirkulerer eller blir skifta ut kontinuerleg.

Løysingsforslag oppgåve 8.2

a) Utgifter i oppstartsfasen kan vere husleige, lønn, marknadsføring og andre driftsutgifter. Det tek gjerne litt tid frå ein går i gang og har utgifter til ein får opna og tener pengar. I tillegg kan det vere fornuftig å ha litt ekstra til uføresette utgifter som kan dukke opp, ting ein ikkje har tenkt på.

b)

KAPITALBEHOV	
<i>Anleggsmiddel</i>	
Varebil	kr 50 000
Butikkinnreing	kr 110 000
Inventar og utstyr	kr 100 000
Sum anleggsmiddel	kr 260 000
<i>Omløpsmiddel</i>	
Varelager	kr 550 000
Kundefordringar	kr 100 000
Likvide middel	kr 300 000
Sum omløpsmiddel	kr 950 000
SUM KAPITALBEHOV	kr 1 210 000

Oppgåve 8.2 - Excel-fil



Løysingsforslag oppgåve 8.3

a) og b)

$$\text{Formel 8.1} \quad \text{Omløpshastigheit varelager} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Lagringstid dagar}}$$

$$\text{Kapitalbehov varelager} = \frac{\text{Varekostnad}}{\text{Omløpshastigheit}}$$

$$\text{Formel 8.5} \quad \text{Omløpshastigheit kundefordringar} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Kredittid dagar}}$$

$$\text{Kapitalbehov kundefordringar} = \frac{\text{Kredittsal inkl.mva.}}{\text{Omløpshastigheit}}$$

INNDATA	
Salsinntekt u. mva.	kr 6 000 000
Bruttoforteneste	40 %
Lagringstid	30 dagar
Kredittid	30 dagar
Kredittsal	40 %
Mellomrekningar	
Varekostnad	kr 3 600 000
Salsinntekt m. mva.	kr 7 500 000
Kredittsal	kr 3 000 000
UTDATA	
Omløpshastigheit varelager	12
Kapitalbehov varelager	kr 300 000
Omløpshastigheit kundefordringar	12
Kapitalbehov kundefordringar	kr 250 000

Oppgåve 8.3 - Excel-fil

Vi har oppgitt at bruttofortenesta eller dekningsbidraget er 40 % av salsinntekta. Det vil seie at 60 % av salsinntekta er variable kostnader eller varekostnader. Salsinntekt u. mva. · 1,25 = salsinntekt inkl. mva.

Løysingsforslag oppgåve 8.4

a)

$$\text{Formel 8.1} \quad \text{Omløpshastigheit varelager} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Lagringstid dagar}}$$

$$\text{Kapitalbehov varelager} = \frac{\text{Varekostnad}}{\text{Omløpshastigheit}}$$

$$\text{Formel 8.5} \quad \text{Omløpshastigheit kundefordringar} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Kredittid dagar}}$$

$$\text{Kapitalbehov kundefordringar} = \frac{\text{Kredittsal inkl.mva.}}{\text{Omløpshastigheit}}$$

Vi har oppgitt at bruttofortenesta eller dekningsbidraget er 50 % av salsinntekta. Det vil seie at 50 % av salsinntekta er variable kostnader eller varekostnader. Salsinntekt u. mva. · 1,25 = salsinntekt inkl. mva.

Utrekningar:



INNDATA	
Salsinntekt u. mva.	kr 6 000 000
Bruttoforteneste	50 %
Lagringstid	60 dagar
Kredittid	30 dagar
Kredittsal	20 %
Mellomrekningar	
Varekostnad	kr 3 000 000
Salsinntekt m. mva.	kr 7 500 000
Kredittsal	kr 1 500 000
UTDATA	
Omløpshastigheit varelager	6
Kapitalbehov varelager	kr 500 000
Omløpshastigheit kundefordringar	12
Kapitalbehov kundefordringar	kr 125 000

KAPITALBEHOV	
Anleggsmiddel	
Bygning	kr 990 000
Innreiing og oppussing	kr 800 000
Butikkeninventar	kr 150 000
Kontorutstyr	kr 50 000
Sum anleggsmiddel	kr 1 990 000
Omløpsmiddel	
Varelager	kr 500 000
Kundefordringar	kr 125 000
Likvide middel	kr 300 000
Sum omløpsmiddel	kr 925 000
SUM KAPITALBEHOV	kr 2 915 000

Oppgåve 8.4 - Excel-fil

b) Prosentdelen av kredittsalet aukar til 30 %.

INNDATA	
Salsinntekt u. mva.	kr 6 000 000
Bruttoforteneste	50 %
Lagringstid	60 dagar
Kredittid	30 dagar
Kredittsal	30 %
Mellomrekningar	
Varekostnad	kr 3 000 000
Salsinntekt m. mva.	kr 7 500 000
Kredittsal	kr 2 250 000
UTDATA	
Omløpshastigheit varelager	6
Kapitalbehov varelager	kr 500 000
Omløpshastigheit kundefordringar	12
Kapitalbehov kundefordringar	kr 187 500

KAPITALBEHOV	
Anleggsmiddel	
Bygning	kr 990 000
Innreiing og oppussing	kr 800 000
Butikkeninventar	kr 150 000
Kontorutstyr	kr 50 000
Sum anleggsmiddel	kr 1 990 000
Omløpsmiddel	
Varelager	kr 500 000
Kundefordringar	kr 187 500
Likvide middel	kr 300 000
Sum omløpsmiddel	kr 987 500
SUM KAPITALBEHOV	kr 2 977 500

Dersom kredittsalet aukar frå 20 til 30 %, ser vi at kundefordringane aukar frå kr 125 000 til kr 187 500. Dermed aukar også kapitalbehovet frå kr 2 915 000 til kr 2 977 500.

c) Lagringstida for varene aukar til 90 dagar.

INNDATA	
Salsinntekt u. mva.	kr 6 000 000
Bruttoforteneste	50 %
Lagringstid	90 dagar
Kredittid	30 dagar
Kredittsal	20 %
Mellomrekningar	
Varekostnad	kr 3 000 000
Salsinntekt m. mva.	kr 7 500 000
Kredittsal	kr 1 500 000
UTDATA	
Omløpshastigheit varelager	4
Kapitalbehov varelager	kr 750 000
Omløpshastigheit kundefordringar	12
Kapitalbehov kundefordringar	kr 125 000

KAPITALBEHOV	
Anleggsmiddel	
Bygning	kr 990 000
Innreiing og oppussing	kr 800 000
Butikkeninventar	kr 150 000
Kontorutstyr	kr 50 000
Sum anleggsmiddel	kr 1 990 000
Omløpsmiddel	
Varelager	kr 750 000
Kundefordringar	kr 125 000
Likvide middel	kr 300 000
Sum omløpsmiddel	kr 1 175 000
SUM KAPITALBEHOV	kr 3 165 000



At lagringstida aukar frå 60 til 90 dagar, gjer at omløpshastigheita endrar seg frå 6 til 4 gonger per år. Varelageret aukar dermed frå kr 500 000 til kr 750 000. Kapitalbehovet aukar tilsvarande frå kr 2 915 000 til kr 3 165 000, det vil seie med kr 250 000 som er auken i varelageret.

d) Kredittida til kundar blir redusert til 10 dagar.

INNDATA	
Salsinntekt u. mva.	kr 6 000 000
Bruttoforteneste	50 %
Lagringstid	60 dagar
Kredittid	10 dagar
Kredittsal	20 %
Mellomrekningar	
Varekostnad	kr 3 000 000
Salsinntekt m. mva.	kr 7 500 000
Kredittsal	kr 1 500 000
UTDATA	
Omløpshastigheit varelager	6
Kapitalbehov varelager	kr 500 000
Omløpshastigheit kundefordringar	36
Kapitalbehov kundefordringar	kr 41 667

KAPITALBEHOV	
Anleggsmiddel	
Bygning	kr 990 000
Innreiing og oppussing	kr 800 000
Butikkinventar	kr 150 000
Kontorutstyr	kr 50 000
Sum anleggsmiddel	kr 1 990 000
Omløpsmiddel	
Varelager	kr 500 000
Kundefordringar	kr 41 667
Likvide middel	kr 300 000
Sum omløpsmiddel	kr 841 667
SUM KAPITALBEHOV	kr 2 831 667

Dersom kredittida til kundar blir redusert frå 30 til 10 dagar, aukar omløpshastigheita til kundefordringane frå 12 til 36 gonger per år. Kapitalbindinga i kundefordringar blir redusert frå kr 125 000 til kr 41 667. Tilsvarande blir kapitalbehovet redusert frå kr 2 915 000 til kr 2 831 667.

Løysingsforslag oppgåve 8.5

Formel 8.1	Omløpshastigheit varelager	$\text{Omløpshastigheit}_{\text{varelager}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Gjennomsnittleg lagringstid}}$
Formel 8.2	Gjennomsnittleg varelager	$\text{Gjennomsnitt}_{\text{varelager}} = \frac{\text{Varekostnad}}{\text{Omløpshastigheit varelager}}$
Formel 8.3	Omløpshastigheit kundefordringar	$\text{Omløpshastigheit}_{\text{kundefordringar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{\text{Gjennomsnittleg kredittid}}$
Formel 8.4	Gjennomsnittlege kundefordringar	$\text{Gjennomsnitt}_{\text{kundefordringar}} = \frac{\text{Kredittsal m. mva.}}{\text{Omløpshastigheit}}$

Forklaringar:

Vi har oppgitt at bruttofortenesta eller dekningsbidraget er X % av salsinntekta. Det vil seie at resten (100 % – X %) = Y % av salsinntekta er variable kostnader eller varekostnader.

Salsinntekt u. mva. · 1,25 = salsinntekt m. mva.

Salsinntekt m. mva. : 1,25 = salsinntekt u. mva.

a) Kapital bunden i varelager



1.
$$\text{Omløpshastighet}_{\text{varelager}} = \frac{360 \text{ dagar}}{30 \text{ dagar}} = \underline{12}$$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{varelager}} = \frac{\text{kr } 6\,000\,000}{12} = \underline{\text{kr } 500\,000}$$

2.
$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{varelager}} = \frac{\text{kr } 2\,000\,000}{4} = \underline{\text{kr } 500\,000}$$

3. Varesalet utan meirverdiavgift er kr 1 400 000. Bruttoforteneste eller dekningsgraden er 20 %. Det vil seie at 80 % av varesalet er varekostnad: $\text{kr } 1\,400\,000 \cdot 0,8 = \underline{\text{kr } 1\,120\,000}$.

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{varelager}} = \frac{\text{kr } 1\,120\,000}{10} = \underline{\text{kr } 112\,000}$$

4. Varesal med meirverdiavgift $\text{kr } 3\,750\,000 : 1,25 = \text{varesal u. mva. } \underline{\text{kr } 3\,000\,000}$. Bruttoforteneste eller dekningsgrad er 30 %. Det vil seie at 70 % av salsinntekta er varekostnad: $\text{kr } 3\,000\,000 \cdot 0,7 = \underline{\text{kr } 2\,100\,000}$.

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{varelager}} = \frac{\text{kr } 2\,100\,000}{6} = \underline{\text{kr } 350\,000}$$

b) Kapital bunden i kundefordringar

1. Kredittsal u. mva. $\text{kr } 1\,800\,000 \cdot 1,25 = \underline{\text{kredittsal m. mva. } \text{kr } 2\,250\,000}$

$$\text{Omløpshastighet}_{\text{kundefordringar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{20 \text{ dagar}} = \underline{18 \text{ dagar}}$$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{kundefordringar}} = \frac{\text{kr } 2\,250\,000}{18} = \underline{\text{kr } 125\,000}$$

2. Kredittsal u. mva. $\text{kr } 2\,100\,000 \cdot 1,25 = \underline{\text{kredittsal m. mva. } \text{kr } 2\,625\,000}$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{kundefordringar}} = \frac{\text{kr } 2\,625\,000}{7} = \underline{\text{kr } 375\,000}$$

3. Varesal u. mva. $\text{kr } 3\,000\,000 \cdot 1,25 = \underline{\text{varesal m. mva. } \text{kr } 3\,750\,000}$
 Varesal m. mva. $\text{kr } 3\,750\,000 \cdot \text{prosentdel kredittsal } 0,4 = \underline{\text{kredittsal } \text{kr } 1\,500\,000}$

$$\text{Omløpshastighet}_{\text{kundefordringar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{30 \text{ dagar}} = \underline{12 \text{ dagar}}$$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{kundefordringar}} = \frac{\text{kr } 1\,500\,000}{12} = \underline{\text{kr } 125\,000}$$

4. Varesal m. mva. $\text{kr } 5\,000\,000 \cdot 0,6 \text{ prosentdel kredittsal} = \underline{\text{kredittsal } \text{kr } 3\,000\,000}$

$$\text{Omløpshastighet}_{\text{kundefordringar}} = \frac{360 \text{ dagar}}{15 \text{ dagar}} = \underline{24 \text{ dagar}}$$

$$\text{Gjennomsnitt}_{\text{kundefordringar}} = \frac{\text{kr } 3\,000\,000}{24} = \underline{\text{kr } 125\,000}$$